



STRYN KOMMUNE

KULTURAVDELINGA

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kulturavdelinga
6800 FØRDE

Vår ref.
13/611-21/K1-243, K2-D11//MJT

Dykkar ref.

Dato:
24.06.14

Tildeling av spelemidler - Klage

Vi viser til sak 29/14 – Hovudutval for kultur – Fordeling av spelemidler til idrettsanlegg i kommunane 2014

Stryn kommune er ei stor idrettskommune og med 7 150 innbyggjarar er vi den største kommunen i Nordfjord. Kommunen er langstrekt og vi har difor behov for ein anleggs struktur som stettar heile kommunen sine behov for idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Aktiviteten i laga rundt om er stor, og ein treng difor anlegg som kan tilby barn og unge gode arenaer til trening og fysisk aktivitet der dei bur. Stryn kommune har sendt inn og fått godkjent alle søknader om spelemidler til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, likevel viser tilråding og tildeling til anlegg i hovudrunden av spelemidler dei siste åra, at kommunen kjem lågt ut i høve tildeling.

Stryn kommune har og kome dårleg ut når det gjeld prioritering og tildeling av spelemidler styrt av fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. **I planperioden 2010-2013 vart det ikkje tildelt spelemidler til anlegg i Stryn kommune som er styrt av denne planen.**

I 2013 fekk Stryn kommune slik tildeling til anlegg styrt av kommunale planar, av 8 godkjende søknader:

Ordinære anlegg:

Stryn T&IL – Fleirbruksanlegg friidrett kr 700 000

Nærmiljøanlegg:

0

Anlegg styrt av fylkesdelplan:

0

Postadresse/besøksadresse
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: http://www.stryn.kommune.no

Banksamband
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

I 2014 av 9 godkjende søknader, fekk Stryn kommune slik tildeling:

Ordinære anlegg:

Olden IL – Fleirbruksanlegg friidrett kr 772 000

Nærmiljøanlegg:

Tonning skule – Fleirbruksanlegg kr 296 000

Anlegg styrt av regionalplan (tidlegare fylkesdelplan):

0

Stryn kommune har vore i kontakt med fylkeskommunen v/Atle Skrede som grunnjev den låge tildelinga til Stryn kommune med at vi har så få søknader inne. Han opplyser og at Gloppen t.d. har fått større tildeling enn Stryn då dei har over 25 søknader inne. Dersom det er tal søknader frå kommunane som er grunnlag for kor stor tildeling/kor mange anlegg ein kan få tilskot til, må det kome tydeleg fram i plandokumentet som er førande for tildelingspolitikken i fylket.

I sak 29/14 punkt 5.1.står det m.a. slik:

For kommunane Bremanger, Fjaler, Førde og Flora legg fylkesdirektøren opp til at anlegga på prioritert liste vert tildelt midlar. Alle anlegg i innstillinga slik den ligg føre no, er anlegg som står øvst på den kommunale prioriteringslista. 12 av 17 nærmiljøanlegg som vert innstilt for tildeling, søkte første gong i 2013, dette betyr også at ein har prioritert å tildele anlegg som har stått i kø i minst eitt år.

Stryn kommune var ikkje klar over eller orientert om denne nye praksisen og flytta difor eit nytt anlegg som skulle ha 1.prioritet i år (klatrepark v/Oppstryn skule) til 2.plass i prioriteringsprogrammet. Dette vart gjort for vere sikker på at eit anlegg som var prioritert som nr 1 i 2013, og ikkje fekk tildeling – skulle få i år (nærmiljøanlegg v/Tonning skule). Hadde Stryn kommune visst om denne praksisen som no dannar grunnlag for ei ekstra tildeling til 4 kommunar i fylket – ville vi sjølv sagt hatt nærmiljøanlegget på Tonning skule på 2.plass og ny klatrepark v /Oppstryn skule på 1.plass i vårt handlingsprogram. På den måten ville vi etter ny praksis utløyst tilskot til 2 nærmiljøanlegg, i staden for eitt i 2014. Det same hadde det ville vore om det var lik praksis for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, då ville Stryn kommune ha fått ei mykje større tildeling, ettersom vi har mange anlegg som har stått i «kø» i svært mange år, utan tildeling av spelemidlar. Eit av anlegga som står i handlingsprogrammet vårt har vore med sidan 1997, men når ikkje opp pga av at få anlegg i kommunen får tildeling og går ut av køen. Den låge tildelinga til Stryn kommune påverkar og tal nye søknader frå kommunen. Anlegg som er med i handlingsprogrammet får ikkje tildeling og utbyggjar har ikkje råd eller mulegheit til å starte nye prosjekt, før tildelinga til gamle og fullfinansierte anlegg er på plass.

Det står vidare slik i saksopplysninga:

..Fylkesdirektøren tilrår difor tilskot til dei søknadene som står høgst på prioriteringslista i kommunane.

Førde kommune har fått tildelt midlar til 2 nærmiljøanlegg, prioritert 1 og 3 i handlingsprogrammet, eit anlegg er med frå 2013 og eit nytt anlegg i 2014. Stryn kommune har 2 nærmiljøanlegg inne i vedteke handlingsprogram, prioritert 1 og 2 på lista. Eit anlegg er med frå 2013 og eit anlegg er nytt i år. Slik vi kan sjå det har Stryn høgare prioritering av anlegga i sitt handlingsprogram enn Førde. Tildelinga vert difor feil i høve til fylkesdirektøren si tilråding ovanfor.

Den nye kunstgrasbana til Stryn T&IL har stått ferdig sidan 2011. Per i dag har den ikkje løyst ut spelemidlar. I samband med revisjon av ny regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og

friluftsliv vart det sendt innspel på at anlegget har vore ferdig i fleire år og burde få tildeling første planåret (2014). Det vart ikkje teke til vitande og nye kunstgrabaner som ikkje var bygde, men planlagde vart prioritert framfor den ferdige kunstgrabana i Stryn. Prioriteringa har medført auka renteutgifter og utsetjing av bygging av nye anlegg.

Stryn kommune klagar med dette på tildeling av spelemidlar til nærmiljøanlegg, med grunn i at vi ikkje var/er kjende med praksis som kjem fram i punkt 5.1

Vi ber om ei ny vurdering av søknader i tråd med det som kjem fram i klagen. Samstundes ber vi om ei klargjering i høve reglar/praksis som skal danne grunnlag for tildeling av spelemidlar i åra som kjem.

Med helsing

Odd Einar Fimreite
Skule- og kultursjef

Myrtel Janne Thomassen
Avd.leiar kultur

Vedlagt:

Handlingsprogram for 2013-2016

Handlingsprogram for 2014-2016

Innspel til revisjon av regionalplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017